

Årsmelding 2020



ARKEOLOGISK
MUSEUM

Universitetet i Stavanger



Eit år prega av pandemien

Universitetsmuseet Arkeologisk museum (AM)

har som samfunnsoppdrag å bygge opp, drive og vedlikehalde vitskapelege samlingar og publikumsutstillingar. Museet sine vitskapelege samlingar skal vere tilgjengelege for nasjonale og internasjonale forskingsmiljø. Formidling er eit prioritert område, og det er nettopp forskingsbasert formidling, irekna allmennretta formidlingstiltak av våre samlingar, som er målet. I tillegg har museet omfattande forvaltingsoppgåver i medhald av kulturminnelova.

2020 vart eit annleis år. Museet gjekk, som resten av verda, inn i året lykkeleg uvitande om pandemien som snart skulle velte inn over oss. Ein pandemi som har råka oss både privat og på jobb. For veldig mange var store delar av arbeidskvardagen i 2020 på heimekontoret, for andre har heimekontor ikkje vore noko alternativ. Med dei naudsynte smitteverntiltaka på plass kom vi likevel raskt i gang med oppdragsverksemda, og etter kvart kunne museet også opne for publikum. Microsoft Teams, arbeid heimefrå og enda større tillit har vorte ein del av kvardagen til mange. Planlegging fram i tid har vore vanskeleg, både på jobb og privat. Dette har kosta for dei tilsette.

Midt oppe i dette har museet og dei tilsette teke eit stor ansvar og vist stor og imponerende omstillingsevne. Årsmeldinga viser tydeleg at vi har klart å halde fokus og arbeidsmoral oppe. Eg vil her nytte høvet til å takke for den innsatsen, klokskapen og tålmodet medarbeidarane våre har vist.

Formidlinga til publikum har vore særskild råka av pandemien. I 2020 var det planlagt for eit rekordbesøk både på museet og på Jernaldergården. I staden vart det få gjester både når det gjeld ordinære museumsbesøkande, skulebesøk og arrangement. Pandemien gjorde at vi ikkje fekk opna verken den nye, flotte bronsealderutstillinga eller den sterkt oppgraderte vikingtidsutstillinga i

mars, slik som planlagt. I august fekk vi opna både utstillingane og museet elles for publikum igjen, og vi kan no vere verkeleg stolte over kva vi kan vise fram.

Museet har hatt store tap som følgje av koronapandemien, men med eit stort fokus på å redusere kostnader har budsjettsvikten vorte sterkt redusert. Ei vesentleg auke i inntekt frå den eksterne verksemda gjer at museet leverte eit mindreforbruk på om lag to mill. kroner. Igjen stor takk til våre tilsette.

Som rekneskapen viser, gjekk mykje av verksemda vår godt i 2020, sjølv om det også viser noko redusert aktivitet.

Innan forskning leverer vi særdeles godt, med rekordhøg publisering og oppstart av dei to prosjekta finansierte av Noregs forskingsråd. Vi er også stolte av at museet i 2020 fekk enda ein ny professor, og at vi fekk tildelt ein ny mellombels stipendiatstilling.

Det har vore eit særskilt hektisk år for både utgravingsverksemda og konserveringsarbeidet ved AM. Også arbeidet med kjeldesikring har hatt god progresjon. Dei største prosjekta er utbygginga av ny E39 frå Ålgård til Kristiansand og restaureringa av Stavanger domkyrkje.

Vi ser no fram til eit nytt år. Med nye vaksinar på veg kan vi endeleg sjå lys i enden av tunnelen, og med det eit nytt og aktivt år for museet.

Stavanger 24.03.2021


Axel Christophersen
styreleiar


Ole Madsen
direktør

Samfunnskontakt

Aktuelt og publikumsvenleg museum

Grunna koronapandemien har det vore mindre aktivitet i 2020 enn i vanlege år, noko som òg gjer seg utslag i langt lågare besøkstal. Museumskvartalet var stengt frå 1. januar til 1. august, medan Jernaldergården var stengt frå 13. mars til 1. juni.

Stenginga av museet mellom 1. januar og 13. mars skuldast bygging av nye utstillingar. Bronsealderutstillinga «Solokult, myter, mystikk. Bronsealderkvinnen si verd» skulle etter planen opna 15. mars og den oppgraderte vikingtidsutstillinga «Utferd. Mot vest i vikingtid» 25. april. Begge opningane vart utsette til 15. august, og då med eit avgrensa antal besøkande til stades. Det vart laga nytt undervisningsopplegg for skulebarn til bronsealderutstillinga og nye omvisingar for publikum til begge dei nyopna utstillingsmodulane. På Jernaldergården vart det laga ei digital omvising som tilbod til skulane den tida garden var stengt.

I den stengde perioden frå januar til mars hadde vi likevel besøk av cruiseturistar. Dei fekk eksklusive møte med forskar og konservator og fekk òg sjå utvalde gjenstandar.

Tilboda gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS) ute i fylket vart avlyst i år. På museet var det to veker med DKS-program med Marianne Stenerud og Eddie Andresen. I samarbeid med Nye veier-prosjektet E39 har det vore tilbod til skular i Gjesdal og Lund. AM og Nye veier har òg samarbeidd om publikumsarrangement langs vegtraseen.

Det vart halde ni populærvitskapelege tysdagsforedrag med emne innan kulturhistorie og naturvitskap. Det vart òg halde eit dagsaktuelt foredrag om Stavanger domkyrkje, knytt til debatten i media kring utgraving i kyrkja.

Åtte foredrag for ulike interessegrupper på eksterne arenaer vart gjennomførte med gode tilbagemeldingar.

«Museumsnatt», det årlege fellesarrangementet mellom Arkeologisk museum og Museum Stavanger (MUST), måtte også avlysast i år. I staden vart det satsa på eit Halloween-arrangement i litt mindre skala på Jernaldergården, kalla «Grøss på gravhauget». Dette var koronatilpassa med mindre grupper som fekk høyre mytar og forteljingar knytte til Fimbulvinteren og Ragnarok.

Barneuniversitetet under forskingsdagane gjekk tilnærma som normalt, og professor

Kristin Armstrong-Oma heldt foredrag om hjernen for 121 skulebarn. I sommar- og haustferien vart det i samarbeid med UiS gjennomført Science-camp for skulebarn på Jernaldergården.

Forståing for kulturminnevern

Mykje av arbeidet vårt med å auke forståinga for kulturminnevern skjer i direkte kontakt med publikum i feltsituasjonar.

Arkeologisk museum har alltid høge ambisjonar for formidlinga i felt, men det er ikkje alltid at vi får til alt vi ønsker. I kva grad vi lukkast, vil avhenge av kvar utgravinga ligg, kor lenge ho varer og om typen utgraving eignar seg for formidling.

I 2020 vart den direkte kontakten med publikum sett på prøve som følgje av koronasituasjonen. Dette førte til at vi i større grad utforska korleis vi kan auke formidlinga vår gjennom digitale plattformer. Fleire innlegg og videosnuttar som tek føre seg både forhistoria og arkeologiske metodar, vart publiserte til eit breitt publikum og vart godt mottekne. Særleg vart dette gjort i samband med Nye veier-prosjektet E39.

Utgravingane vert også, både undervegs og i etterkant av utgravingane, formidla gjennom blogginnlegg publiserte på Norark.no. Det har òg vorte skrive artiklar til museet

sitt tidsskrift Frå haug ok heiðni. Feltsesongen vert i tillegg alltid kvart år presentert på det siste tysdagsforedraget på museet, sjølv om dette i år skjedde med færre tilhøyrarar enn normalt.

Gjennom slik feltformidling på mange plattformer når vi eit stort publikum og mange interesserte.

Nettverk og partnerskap

Ei rekke av museet sine tilsette tek aktivt del i ulike nettverk nasjonalt og internasjonalt, både innan ulike forskingsprosjekt og andre museumsrelaterte område.

DELTAKING I UIS SINE PROGRAMOMRÅDE INNAN FORSKING:

- **ARI** (Animals mediating the Real and the Imaginary)
- **BEAM** (Biological Environmental and Archaeological inter-disciplinary research on life-course, Material and materiality in human depositions)
- **ICoRe** (Intertwined and integrated. Cross-disciplinary studies of prehistoric Relations)
- **Greenhouse** – tverrfakultært programområde innanfor «environmental humanities»

Årsstatistikk

		2018	2019	2020
Publisert	AmS-småtrykk	3	2	3
	Frå haug ok heiðni	4	4	4
	Aktivitetsskalendrar	2	2	0
	Utstillingsguidar	1	0	1
	Faldarar	2	2	1
Utstillingar (nye)	Eigenproduserte	3	1	2
	Innlånte	1	1	0
Besøk	Ordinære besøk Arkeologisk museum (AM)	27 812	27 032	7 235
	Ordinære besøk Jernaldergården (JAG)	23 034	20 885	6 666
	Skuleelevar AM og JAG	11 843	13 386	5 107
	Andre stader i regi av AM	2 874	1 364	479
	Samla besøk	65 563	62 672	19 487
Publikumstilbod	Omvisingar AM og JAG (skuleklasser ikkje medrekna)	818	725	15
	Utstillingsopningar	1	2	1
	Aktivitetsdagar	264	316	108
	Foredrag	14	14	10



DELTAKING I EKSTERNE FORSKINGSNETTVERK:

- **Expanding horizons** er ei vidareføring av Buried things og har saman med University of Iceland, Universitetet i Bergen, Greenland National Museum, Institute of Archaeology Iceland fått støtte frå NOS-HS Workshop Grant 2018–2020. Nettverket Buried things arbeider med ein publisasjon basert på ein workshop på Island i 2016.
- **MEDHEAL600** – Medieval Urban Health – From Individual to Public Responsibility, AD 1000 – 1600. Prosjekt organisert av NTNU med oppstart i 2017.
- **Sachsensymposiet**. Internasjonalt forskingsnettverk for studiet av folkevandringstid i Nord-Europa.
- **Maktens havn** er eit samarbeidsprosjekt mellom UiS-AM og MUST/Stavanger Maritime Museum, samt Karmøy kommune, Saga Subsea og Geoplus. Nettverket har fått støtte frå Sparebankstiftelsen SR-bank.
- **Past human populations, pathogens, and environmental DNA** er eit forskingsprosjekt leia av Geogenetics/ Globe institute (Københavns Universitet) som har finansiering frå Lundbeck-stiftelsen for å undersøke patologi og DNA på skelett frå europeisk forhistorie. AM er partner i prosjektet og bidreg med forskingsmaterial.

DELTAKING I MUSEUMSNETTVERK

Nasjonalt og internasjonalt:

- De arkeologiske museene (DAM)
- Universitets- og høgskolerådets museumsutvalg (UHR-M)

- Norges museumsforbund (NMF)
- International Council of Museums (ICOM)
- International Council on Monuments and Sites (ICOMOS)
- Destination Viking Association (DVA)

Universitetet i Stavanger er sidan 2009 medeigar i *Universitetsmuseenes IT-organisasjon (MUSIT)* og har faste representantar i koordineringsgruppa for kulturhistorie samt i dei ulike fag- og referansegruppene. Gjenstandar og foto frå Rogaland finst i basen unimus.no.

Regionalt og lokalt:

Arkeologisk museum har eit godt samarbeid med dei andre musea og reiselivsaktørane i regionen. Vi tek del i Barnas Rogaland – eit samarbeid om marknadsføring av familieaktivitetar i Rogaland.

Museumsbyen Stavanger er eit billettsamarbeid mellom MUST, Norsk Oljemuseum og Arkeologisk museum i sommarsesongen.

Media og kommunikasjon

2020 har vore eit spesielt år også når det gjeld kommunikasjon og marknadsføring. Men sjølv om vi har hatt få arrangement for å skape blest om museet i år, har vi likevel hatt mange oppslag i media og god kontakt med gjestane våre gjennom sosiale medium.

Den største mediesaka i 2020 kom mot slutten av året. Det var saka om vi skulle få gjere arkeologiske utgravingar under Stavanger domkyrkje eller ikkje. Denne saka reknar vi med får merksemd òg i 2021.

Vi har hatt eit særst godt samarbeid med *Arkeologi på nye veier*, eit kulturminneprosjekt knytt til ny E39 mellom Lyngdal og Ålgård, som

formidlar utgravingane langs denne nye vegen. Her har mange frå Arkeologisk museum vore aktive formidlarar. Vi har etablert eit tett forhold med NRK P2 der vi har hatt mange intervju om forhistoria og om framtidsarkeologi.

Innanfor kommunikasjonsarbeidet var det største løftet at vi fekk ny heimeside. Vi er no nærare knytte til Universitetet i Stavanger og uis.no. Heimesida vår har fått eit nytt og moderne preg med ny layout og nye bilete, og ho skal syte for at museet vert enno betre synleg digitalt.

På TripAdvisor er vi rangerte som nummer fire av alle musea i Stavanger og omland og nummer ni av alle turistattraksjonar, basert på meldingar frå gjestar. Jernaldergården er rangert som nummer ti av alle turistattraksjonane i regionen. Arkeologisk museum har ei aktiv Facebook-side, og vi er i tillegg på Instagram og Twitter. I 2020 kom òg konserveringsavdelinga vår på Instagram, med namnet konservering_uis. Talet på følgjarar aukar jamt og trutt i alle kanalane våre på sosiale medium, og det er svært få som sluttar å følge oss.

Norark er ein blogg der prosjektleiarar og andre felttilsette leverer stoff frå små og store utgravingar. I år har vi hatt åtte blogginnlegg frå utgravingane våre. Museet er med på å drifte norark.no saman med dei andre universitetsmusea som utfører arkeologiske undersøkingar.

Heimeside og sosiale medium	2018	2019	2020
am.uis.no	63 914	51 651	- *
Facebook AM	5 742	6 073	6531
Facebook JAG	2 043	2 384	2517
Instagram AM	2 846	3 179	3512
Instagram JAG	1 246	1 374	2040
Instagram Kafé Ask og Embla (ny 2019)	-	105	155
Instagram – Konserveringsavd (ny 2020)	-	-	269
Twitter	1 664	1 870	2042
Blogginnlegg på Norark	19	8	8

Oppslag i ulike medium	2018	2019	2020
Papir, nett, radio og TV	82	83	104

*Pga. av overgang til ny heimeside har det ikkje vore mogleg å skaffe tal på besøk.

Vern for framtida

Forsking og utvikling

AM har i 2020 hatt tre programområde for forskning (sjå omtale under overskrifta *Nettverk og partnerskap*). Desse har bidrege til forskinga ved AM gjennom publikasjonar, konferansedeltaking, bidrag til forskarforum ved eigne og inviterte forskarar, søknader til NFR (Noregs forskingsråd) sitt program FRI-PRO (Fri prosjektstøtte), samt formidling ved museet. Forskarar ved AM deltek dessutan òg i fleire interne og eksterne nettverk.

Det vart utforma ein søknad til NFR-FRI-PRO. Prosjektet fekk ikkje støtte. Vi var infrastrukturpartner i to søknader til NFR og partner/PI i ein SFF-søknad (Senter for fremragende forskning) leia av UiS-programområdet Greenhouse. Vi var òg partner i tre søknader til EEA grants med polske partnerar. Ingen av desse fekk støtte.

Det vart utarbeidd to EU-søknader til Marie Curie Mobilitetsstipend (MSCA) for å opprette postdoc-stillingar til to eksterne forskarar, og den eine av desse fekk støtte. Vidare var AM vertskap for ein søknad om postdoc på ni månader til Fulbright som fekk støtte. Grunna koronapandemien vart Fulbright-stipendet trukke tilbake frå Fulbright-stiftelsen, og oppstart av det tildelte MSCA-stipendet måtte utsetjast.

Det vart avhalde i alt ni forskarforum med interne foredragsholdarar vår og haust. Som følgje av koronapandemien vart forskarforum halde på digitale plattformer hausten 2020, og fleire av desse var presentasjonar av forskinga til nye medlemmer av den akademiske staben.

Grunna korona-pandemien vart det ikkje halde konferansar på AM.

Forskingssleiar og direktør tildelte driftsmidlar for forskning basert på publiseringspoeng og søknader, og ein av forskarane våre vart tildelt forskingstermin. Vidare vart det gjeve eit stipend på 14 veker til ein tilsett som ikkje har forskingstid i stillinga si.

Ein av museet sine forskarar vart tilkjend professorkompetanse i 2020. To forskarar ved AM deltek i vidareføringa av UiS-prosjektet «Kvinner til topps – Universitetet i Stavanger i balanse og bevegelse». Prosjektet skal stimulere til kjønnsbalanse i professorstillingar ved UiS.

AM har i 2020 hatt sju tilsette stipendiatar og to postdoktorar. To nye stipendiatar vart tilsette med oppstart januar 2020. Stipendiatane arbeider innan fagmiljøa forskingsformidling/museologi, arkeobotanikk og arkeologi. Museet fekk tildelt ei mellombels stilling finansierte gjennom sentralt akkumulerte midlar ved UiS, øymerka den nyoppretta tverrfakultære satsinga Kognitiv lab. Stillinga vert utlyst i 2021.

Ein forskar ved AM har vore knytt til undervisinga ved UiS innanfor risikovurdering/samfunnsstryggleik, og ein annan har undervist på kurs i samfunnsfag på lærarutdanninga ved UiS. To forskarar har undervist på konserveringsstudiet ved IAKH, UiO (Institutt for arkeologi, konservering og historie). Fleire av forskarane rettleier på ph.d.-nivå og fungerer som eksterne sensorar på både master- og bachelornivå ved dei andre universiteta. Saman med senter for kjønnsforskning, UiS deltek AM i forskarskulen ITEM (Forskarsskule i radikal tverrfagkunne: Inequalities, Temporalities, Existences, Materialities).

AM Forlag gav ut ein publikasjon i serien AM-Skrifter og ein i serien AM-Varia.

Sikring av kjelder

Arkeologisk museum har etter Lov om kulturminne ansvar for å forvalte gjenstandar og naturvitskapeleg materiale frå forhistorisk tid og mellomalder i Rogaland fylke, samt dokumentasjon knytt til dette. Bevaring, samt å gjere samlingane tilgjengelege, har høg prioritet ved museet.

I 2020 heldt ein fram med det omfattande prosjektet om sikring av kjeldene, dvs. å revidere gjenstandane og naturvitskapeleg materiale i magasin, katalogisere restansar og å digitalisere foto og dokument i vitskapeleg arkiv.

Hovudmålet for den pågåande del to av revisjonen av kulturhistorisk magasin er katalogisering av ulike restansar. I 2020 vart det prioritert å konservere og katalogisere restansar av metallsøkarfunn for i størst mogleg grad kome a jour med denne funnkategorien. Mykje arbeid vart gjort tidleg på året, og prosjektet vart i stor grad gjennomført trass i covid-19.

Storparten av samlinga sin tilvekst av gjenstandar og naturvitskapeleg materiale stammar frå arkeologiske undersøkingar. Frå privatpersonar vart det òg levert inn ei rekke gjenstandar som gjev ny kunnskap om Rogaland si forhistorie. Spesielt kan nemnast to såkalla insulære beslag frå vikingtid – vakkert dekorerte beslag, belagde med gull, til å feste på bøker eller skrin. Dei vart produserte på Dei britiske øyane, og då særleg Irland. Slike beslag vart fjerna frå der dei var festa, og knekte opp i mindre delar.



Forsking i tal	2018	2019	2020
Vitskapelege nasjonale publiseringar	22*	22*	42*
Internasjonale publiseringar	24	17	31
Vitskapelege foredrag	42	36	10
Publiseringspoeng	40,4	17,1	44,5
Kongressar/seminar på museet	2	1	0
Gjesteforelesingar på museet	16	14	0
Verv i internasjonale komitear	1	1	1
EU-søknad	1	2	0
NFR-søknad	3	3	1

*inkludert forskingsrapportar.



Dei vart så gjorde om til smykke. Begge besлага er funne på same jorde i Randaberg.

I naturvitskapeleg magasin starta ein vinteren 2019–20 eit prosjekt med mål om å tilbakesende materiale frå andre regionar. Museet har gjennom mange år analysert slikt prøvemateriale, men har ikkje forvaltingsansvar for dette. Ettersom det er plassmangel, ønsker ein å sende materialet attende, men først må ein kvalitetssikre prøvelister og dokumentasjon og samle materialet. Det er eit stort arbeid å samle dokumentasjonen til prøvetaking og analysar frå undersøkingar fleire tiår tilbake. Arbeidet har vorte forseinka av covid-19, og vil fortsetje neste år.

Ved vitskapeleg arkiv fortsette digitaliseringa av innhaldet i gardsmappene. Den viktigaste tilveksten til vitskapeleg arkiv i 2020 var Stadnamnarkivet som i år vart overført frå Institutt for kultur- og språkvitenskap, UiS til Arkeologisk museum. Gjennom 40 år har professor emeritus Inge Særheim samla stadnamn frå Rogaland. Det har i fleire år vore drøfta om arkivet skulle overførast til museet, og dette vart realisert i år. Stadnamnarkivet vart i 2019 digitalisert av Universitetet i Bergen, og AM forvaltar det fysiske originalarkivet. Arbeidet med henting

og nyoppstilling av kring 13 hyllemeter med dokument, kart og kassetar vart gjennomført på hausten. Stadnamn kan gi kunnskap om gammal landskapsbruk, men i seinare tid har kjeldekategorioren vore lite nytta i arkeologien. Det vert spennande å sjå om desse kjeldene no i større grad vert tekne i bruk.

I samband med ein ny utstillingsmodul i dei faste utstillingane vart det gjort eit stort arbeid med nyfotografering av gjenstandar frå bronsealderen. Det vart også arbeidd med vidareutvikling av kompetanse på 3D-dokumentasjon. På slutten av året kjøpte museet utstyr for 3D-dokumentasjon som fotograf har hovudansvar for. Råfilene til digitale foto har før vore lagra lokalt, men desse skal no, som andre biletfiler, lagrast rett i MUSIT-basen. Det vart på slutten av året difor sett i gong eit prosjekt for å laste opp eldre råfiler.

Arbeidet med ny IT-arkitektur vart i år sett på vent grunna uvisse om framtidig organisering av MUSIT. Universitetsmusea sin fellesportal for tilgjengeleggjering av data for forskning og formidling, Unimus, vart avvikla i si eksisterande form 1. desember 2020. Dei fleste universitetsmusea har innleia forhandlingar med KulturIT som driv DigitaltMuseum, for å få på plass ei ny løysing.

I byrjinga av desember var Arkeologisk museum, UiS det første av universitetsmusea som hadde på plass ny løysing. I forkant vart data frå MUSIT-basen klargjorde for flytting til DigitaltMuseum. Det vart i løpet av året arbeidd vidare med prosjektet Archaeological digital excavation data (ADED) som er finansiert av Noregs forskingsråd. Arbeidet er eit samarbeid mellom dei fem arkeologiske universitetsmusea, og føremålet er å konvertere eldre digital dokumentasjon til tilgjengelege og sikre format. Trass i covid-19 hadde arbeidet god progresjon og ligg i rute til avslutning i 2021.

Rogaland er eit av områda i landet med flest bergkunstlokalitetar. Det er registrert om lag 110 felt med figurar og/eller skålgroper på fast fjell og lausblokkar ute i landskapet; det første vart dokumentert så tidleg som i 1866. Bergkunst er ein sårbar kulturminnetype som er spesielt utsett for forvitring og menneskeskapte skadar. Dokumentasjon, riktig skjøtsel og tilrettelegging er difor nøkkelen til framtidig bevaring. I 2020 vart det utført skjøtsel og/eller dokumentasjon på heile 56 lokalitetar, finansiert gjennom tilskot frå Riksantikvaren. Bergkunstarbeidet vil fortsetje i 2021.

Rådgjevar og aktør innan kulturminnevernet

Medan feltsesongen 2020 var under planlegging slo koronaen til i Noreg for alvor. Dette førte med seg ein heil del utfordringar med tanke på oppstart og gjennomføring av sesongen som stod for døra. Trass i restriksjonar og strenge smittevernomsyn vart feltsesongen 2020 ein travel, variert og innhaldsrik sesong. I løpet av feltsesongen var det 20 mellombels tilsette i arbeid i samband med arkeologiske undersøkingar.

I alt 21 større og mindre arkeologiske undersøkingar vart gjennomførte. Ein noko forseinka oppstart gjorde at sesongen starta i siste del av april, til gjengjeld heldt vi fram til eit stykke ut i desember før siste spadetak vart teke. Arkeologar frå både Arkeologisk museum og Rogaland fylkeskommune er involverte i registreringar i samband med ny E39. Prosjektet er eit prøveprosjekt der kulturhistoriske registreringar og arkeologiske utgravingar skjer parallelt. Dette er ei vidareføring av prosjektet frå i fjor og vil halde fram også i 2021. Av dei drygt 20 undersøkingane var åtte knytte til E39 Nye Veier-prosjektet som strekkjer seg mellom Ålgård og Ualand. Resultata frå desse undersøkingane var spennande og varierte, der vi fekk undersøke buplassar frå eldre steinalder og jernvinneanlegg i eit landskap vi til vanleg ikkje undersøker slike omfattande lokalitetar. Dette gjev ny kunnskap og særskild verdifullt vitskapeleg materiale å jobbe vidare med. Arbeidet med ny E39 tek ikkje slutt med denne sesongen, men vil halde fram i minimum ein sesong til.

Av dei andre undersøkingane som vart gjennomførte, kan vi nemne IVAR-Klepp som baud på eit stort røysfelt frå jernalder saman med busetnadsspor frå både slutten av steinalder/bronsealder og jernalder. Den same kombinasjonen av røyser og busetnadsspor vart avdekket på Fossan i Sandnes kommune. I Vindafjord kommune grov vi i tillegg eit smieanlegg frå jernalder. I Klepp kommune fekk museet løyvd midlar som gjekk til å sikre og miljøovervake buplasslaga i Stangelandshelleren. Dette er ein lokalitet som inneheld tjukke kulturlag frå eldre steinalder og opp til jernalder. Undersøkinga gav gode resultat i form av eit rikt gjenstandsmateriale som typologisk gjev bruken av helleren ei datering fleire tusen år eldre enn ein trudde tidlegare.

I tillegg til å gjennomføre arkeologiske undersøkingar har Fornminneavdelinga handsama eit breitt spekter av ulike dispensasjonssaker, og har slik vore rådgjevar for både Riksantikvaren og Rogaland fylkeskommune. Mykje av arbeidskvardagen i

kulturminneforvaltinga handlar også om å halde kontakt med tiltakshavarar, grunneigarar og entreprenørar.

Konserverings- og restaureringsverksemd

Det praktiske bevaringsarbeidet for museet sine samlingar, nye arkeologiske funn, metalldetektorfunn og førebuing av ny utstillingsopning m.m. gjekk som planlagt dei to og ein halv første månadane. Men etter 12. mars, og med restriksjonar om smittevern som innebar at alle skulle ha heimekontor, vart det full stopp i sju til åtte veker, av di dette arbeidet i lita grad kan gjerast utanfor museumslokala. I starten av mai, etter grundige risikovurderingar med omsyn til smittevern, fekk vi høve til å kome tilbake til museet, om enn med ganske få medarbeidarar til stades samstundes. Utover sommaren og hausten kom vi i hamn med førebuingane til opninga av den utsette bronsealderutstillinga, samstundes som vi heldt fram med konserveringa av metalldetektorfunn og nye funn frå dei arkeologiske gravingane. Utgravingane genererte ikkje så mykje funnmateriale i 2020, og vi fekk difor høve til å ta inn ein god del restansar på lausfunn (metalldetektorfunn i hovudsak). Konservering av alt arkeologisk materiale høyrer til den lovpålagde delen av bevaringsverksemda, etter Kulturminnelova. Desse oppgåvene er i hovudsak finansierte frå statlege løyvingar til museet, men til dels òg oppdragsfinansierte gjennom dei arkeologiske forvaltingsundersøkingane.

Ein annan del av bevaringsverksemda til museet har ikkje-lovpålagde, men konkurranseutsette oppgåver i kulturminnevernet. Vi har to fagområde for slike oppgåver; *Steinkonservering og bygningsrestaurering* og *Malerikonservering og bygningsundersøkelser*.

Steinkonserveringspersonalet har også i 2020 i hovudsak vore engasjert i restaureringsoppdrag av klebersteinen på Stavanger

domkyrkje. Koronaen førte til ein stopp i arbeidet etter 12. mars her òg, men det tok ikkje meir enn to til tre veker før vi kom i gang att etter eit intensivt arbeid med risikovurderingar og smittevernregler på byggeplassen. Dette totalt niårige oppdraget skal vere avslutta innan 2025, i samband med 900-årsjubileet for kyrkja og Stavanger by. Det praktiske konserveringsarbeidet på den austvende fasaden av koret vart avslutta i 2020 og heldt fram på den sørlege korfasaden med bispeinngangen og blindtårnet. Arbeid med reinsking av sementfuger, ny muring med kalkmørtel slik det opphåveleg vart gjort, demontering av skadd stein og remontering av reparert eller nyhoggen stein/-fragment går føre seg frå stillas eller i «byggghytta». Byggghytte er eit mellomaldersk verkstadkonsept knytt til større steinkatedralar og liknande i Europa. Hjå oss er det ein mellombels, moderne brakkerigg med to små verkstadlokale for steinhoggarane, lagringsplass for stein, dokumentasjonsrom og pauserom, samt eit gardsrom der ein kan gjere utandørs steinarbeid, demonstrere tradisjonelt byggghandverk og utføre andre formidlingstiltak.

Innan fagområdet *Malerikonservering og bygningsundersøkelser* vann vi i 2019 konkurransen om å restaurere kyrkjeinventaret i Stavanger domkyrkje, eit prosjekt som vil halde fram til 2025. Fire av fem minnetavler, samt preikestolen, vart skånsamt demonterte i 2020, og desse skal etter tur handsamast på museet. Elles heldt arbeidet innan rammeavtala med Stavanger kunstmuseum, MUST fram, og også rammeavtala med Riksantikvaren om konservering av limfargedekor i automatisk freda kyrkjer. Konkret for oss innebar dette behandling av interiør i Årdal gamle kyrkje i 2020, i samarbeid med malerikonservatorar frå NIKU i Oslo. Restaureringa av altertavla i Randaberg kyrkje heldt òg fram i 2020. Tilstandsvurdering av heile Uis si kunstsamling tok for alvor til i 2020.

Samlingar	2018	2019	2020
Planarkiv/topografisk arkiv			
Registrerte dokument	783	953	1000
Bildearkiv			
Fotodatabase (bestand, skanna og nye foto)	170 184	199 351	206 576
Web-publiserte foto (bestand)	135 367	152 492	160 389
Objekt			
Talet på museumsnummer (bestand)	14 110	14 254	14 366
Talet på gjenstandar (bestand)	1 366 503	1 418 679	1 449 493

Oversyn

Museumsstyret

Museumsstyret har ansvar for å fastsette overordna mål, prioriteringar og strategiar for museet innanfor rammer gjevne i regelverk og overordna vedtak.

Museumsstyret består av åtte medlemmer: tre eksterne representantar, ein studentrepresentant, tre faglege representantar og ein administrativ.

Styret for perioden 01.08.2017-31.07.2021 er samansett slik:

LEIAR: Axel Christophersen (ekstern)

ANDRE FASTE MEDLEMMER:

Annamaria Gutierrez	ekstern
John Peter Hernes	ekstern
Magne Bartlett	studentrepresentant fram til oktober. Deretter overtok Philip Lundberg Jamissen
Wenche Brun	tilsettrepresentant Undervisings- og forskingspersonale
Krister Scheie Eilertsen	tilsettrepresentant Undervisings- og forskingspersonale
Astrid Johanne Nyland	tilsettrepresentant Undervisings- og forskingspersonale
Ellen Tjørnholm Bøe	tilsettrepresentant Teknisk-administrativt tilsette


VARAMEDLEMMER:

Karl Kalhovd	1. vara eksterne medlemmer
Trond Meling	1. vara tilsettrepresentant Undervisings- og forskingspersonale
Eli-Christine Soltvedt	2. vara tilsettrepresentant Undervisings- og forskingspersonale
Barbro Irene Dahl	3. vara tilsettrepresentant Undervisings- og forskingspersonale
Anne Kari Skår	4. vara tilsettrepresentant Undervisings- og forskingspersonale
Sigrid Alræk Dugstad	5. vara tilsettrepresentant Undervisings- og forskingspersonale

ADMINISTRASJON:

Ole Madsen	museumsdirektør, sekretær for styret
Marianne Finsnes Molineaux ...	administrasjonsdirektør, referent

Organisasjonsplan per 31.12.2020



Personalet

I 2020 hadde museet 91,5 årsverk fordelt på 96 tilsette. 43 personar var tilsette i vitskapelege stillingar (41,3 årsverk) og 53 personar i museumsfaglege og administrative stillingar (50,2 årsverk). To personar var knytte til museet gjennom ulike tiltak/arbeidstrening i løpet av året.

Ein arbeider målretta for å halde talet på mellombels tilsette på eit minimum, men på ein arbeidsplass med stor sesongprega prosjekt- og formidlingsverksemd kan ein likevel ikkje unngå ein viss del mellombelse stillingar. Det var dette året 20 feltarkeologar tilsett i mellombelse stillingar på prosjekt.

TABELLEN VISER TALET PÅ ÅRSVERK VED UTGANGEN AV ÅRET:

Årsverk	2018	2019	2020
Alle stillingar	90,4	85,9	91,5

HMS

Som IA-bedrift (inkluderande arbeidsliv) har museet som mål å føre ein personalpolitikk som fremjar motivasjon og læreevne og som tek vare på helse og trivsel. Ein er oppteken av systematisk oppfølging av arbeidsmiljøet på ulike måtar. Anna kvart år gjennomfører UiS ei medarbeidarundersøking som har som formål å bidra til å skape, oppretthalde og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø.

Sjukefråværet i 2020 var 5,63 %, ein oppgang frå 4,98 % frå året før. Sjukefråværet varierer frå år til år, og ut frå talet på tilsette vil sjølv mindre endringar i fråværet gi store utslag i prosentar. Sjukefråværet vert følgt systematisk opp i samsvar med rutinane for UiS og i samarbeid med NAV. Det fysiske arbeidsmiljøet vert følgt opp m.a. i samarbeid med bedriftshelsetenesta. Vi har òg eit sterkt fokus på tilrettelegging av arbeid i felt.

Økonomi

Basisløyvinga til museet kjem over statsbudsjettet, som ein del av universitetet si løyving. I tillegg har museet oppgåver i medhald av lov om kulturminne, konserveringsoppdrag og omsetnad frå ei rekke aktiviteter.

Av investeringar som vart gjorde i 2020 kan nemnast nye basisutstillingar, geoutstyr i felt, 3D-skanner, røntgenutstyr, oppgradering av utstillings- og publikumsareal, fornying av IT-installasjonar for å legge til rette for betre



5

kommunikasjon digitalt med møteromma våre og auditoriet, optikk og anna feltutstyr, samt utvendig visuell profilering av museumsbygget på Våland.

Samla kostnader, medrekna eksternt finansierte oppdrag, var inkl. investeringar på 96,6 mill. kroner mot 90,2 mill. kroner året før. Den ordinære løyvinga var 45,3 mill. kroner medrekna strategiske tidsavgrensa

midler på to mill. kroner til kjeldesikring og nettverksbyggjing.

Rekneskapen per 31.12.2020 viser eit resultat på om lag to mill. kroner.


Bygg

Arkeologisk museum disponerer 9850 kvadratmeter fordelt på hovudbygg, besøkssenteret på Jernaldergården, lager og

utleigebustad. I samband med planane om nytt magasin- og formidlingsbygg kjøpte Statsbygg tre bolighus i museumskvartalet og eig med dette heile kvartalet. Statsbygg har ansvar for bygg med faste tekniske anlegg, medan museet eig inventar og utstyr.

Det vart ikkje gjort større investeringar i bygga i 2020.

Rekneskap	2018	2019	2020
Løyving	43,8	44,3	45,3
Eigeninntekter	5,6	5,9	2,1
Interne overføringar	2,1	1,1	1,2
Eigenandel prosjekt	-0,2	-0,4	-0,4
Investeringar	-6,7	-3,4	-3,1
Inntekter	44,6	47,5	45,1
Løn	-47,5	-49,3	-48,6
Vareforbruk	-0,9	-1,1	-0,4
Varer og tenester	-7,3	-8,6	-8,6
Reisekostnader	-1,1	-1,5	-0,6
Interne overføringar	3,1	4,1	5,1
Overhead	9,3	9,1	10,1
Kostnader	44,4	-47,3	-43
Resultat	0,2	0,2	2,1



6

Bergkunstprosjektet

OO RAGNHILD NORDAHL NÆSS

Arkeologisk museum, UiS har som ei av sine viktige oppgåver å drive dokumentasjon, tilsyn og skjøtsel av bergkunst i Rogaland. Det er 186 ulike felt med helleristningar og/eller groper i stein i Rogaland, noko som gjer fylket til eit av områda i Noreg med størst konsentrasjon av helleristningar. I 2020 var gruppa ved Arkeologisk museum som tek hand om skjøtsel og dokumentasjon av bergkunsten, ute på 33 helleristningsfelt.

Den første helleristninga i Rogaland vart registrert i 1866. Sidan den gong har stadig fleire vorte oppdaga og kartlagde. Mange vart funne i perioden 1900–1909 og på 1930-talet, og det har i dei seinare åra vorte påvist tre lokalitetar – i 2011, 2014 og 2016.

Helleristningane i Rogaland strekk seg i tid frå eldre bronsealder og antakeleg fram til byrjinga av jernalderen, det vil seie ein periode på godt over 2000 år. Dei vanlegaste motiva på bergkunsten i Rogaland er skip og skålgroper, men det finst òg solhjul, ringar, spiralar, ramme- og gitterfigurar, fotsolar m.m. I 2018 gav museet ut publikasjonen *Bergkunst på Midt- og Sør-Jæren samt i Dalaneregionen, Rogaland. Motiver, historikk, naturmiljø og tilstand* (AmS-Varia 59) der ein kan lese meir om dette.

Dokumentasjon og kjeldesikring

Sidan 1996 har museet teke del i Riksantikvarens sitt nasjonale bevaringsprogram for bergkunst (BERG). Her er hovudmålet å dokumentere og ta vare på bergkunsten for ettertida, og museet har ansvar for dette i Rogaland.

– Dette er jo objekt som er fast i naturen. Så arbeidet er ein viktig del av å sikre kjeldene frå forhistoria, seier arkeolog Gitte Kjeldsen som har vore med i prosjektet frå starten av.

Kvart år vert det utarbeidd ein prosjektplan med budsjett som vert send til Riksantikvarens for godkjenning. Museet har fått rundt 600 000–700 000 kroner årleg til å dokumentere og ta vare på desse unike kulturminna.

Lite vandalisme

Dei fleste helleristningane i Rogaland ligg på Nord-Jæren, og då spesielt i Stavanger kommune.

Den største samlinga av bergkunstlokalitetar i fylket finst på Austre Åmøy i

Stavanger kommune, der er det 1200 figurar, ristningslinjer og skålgroper.

Dei fleste bergkunstlokalitetane er tilgjengelege for publikum. Nokre har informasjonskilt, dette gjeld blant anna helleristningane på Åmøy. Museet har ikkje oversikt over kor mange besøkte helleristningslokalitetane i fylket har i løpet av et år. Til alt hell er det registrert lite vandalisme på helleristningane i Rogaland.

Gruppa som arbeider med bergkunstprosjektet ved Arkeologisk museum består av arkeolog Gitte Kjeldsen, arkeolog Kristine O. Sørgaard, arkeolog Wenche Brun, botanikar Lisbeth Prøsch-Danielsen og fotograf Annette G. Øvreliid.





Forsidefoto: På Fluberget på Revheim i Stavanger finst det flotte helleristningar som er lette å kome til for publikum.

1. Regehaugen ligg majestetisk til i landskapet på Sola. Her vart Regekvinna gravlagd i bronsealderen.

2. Tydelege ristningar i stein på Kråkhaug i Sola kommune.

3. Torbjørg Bjelland undersøker helleristningar på Vardeneset i Stavanger.

4. Wenche Brun og Gitte Kjeldsen driv skjøtsel på helleristningane på Åmøy i Stavanger.

5. I forgrunnen: Helleristningsfelt nummer 10 på Åmøy, sett frå lufta.

6. Inne i Regehaugen er det vakre helleristningar.

7. Helleristningane på Åmøy ligg vakkert til ved sjøen.

8. Annette Øvrelid, Wenche Brun og Gitte Kjeldsen ved opninga til Regehaugen på Sola.

9. Helleristningsfelt på Utbjøa i Ølen kommune. Foto: Wenche Brun

Baksidefoto: På ein bergknaus på Hellestø i Sola kommune er det hogd inn mellom anna fleire skip.

Alle foto: Annette Øvrelid, AM der anna ikkje er oppgjeve.

ARKEOLOGISK
MUSEUM

Universitetet i Stavanger

www.arkeologiskmuseum.no

ISBN 978-82-7760-194-6